


Slamavskiljar ved Hjeltnes

«modernisert» slamavskiljar

- *Regulert innløp med buffertank for reduksjon for slamflukt og overløp.*
- *Alternativ styring av pumpestasjon(er) som pumper mot anlegget for jamnare tilførsel.*
- *Prøvetaking av innløp og utløp.*
- *Kombinert overbygg for pumpestasjon og prøvetakingspunkt.*
- *Tilbakeslagssikring mellom 1. kammer og 2. kammer for betre slamtømming og redusere kostnader med slamtømming.*



Samla tilførsel er kring 20 l/s i tørre og kring 50 l/s i nedbørsrike periodar. Regulator gjorde at volum betre kunne tilpassast, og lagt til grunn at mindre enn 5% av tiden skal ha overløp, og at slamavskiljar ikkje vert «flusha» og man får slamflukt.

Prøvetaking med kjøleskap og automatiske prøvetakarar er tilrettelagt i bygg (same bygg som PST Hjeltnes).

Avtrekk frå slamavskiljar ført via luktreinseanlegg bestående av fotooksydasjon og kullfilter (om lag 10 meter til nærmaste nabo). Sjølve luktreinsinga er kombinert med ventilasjon for PST Hjeltnes.

PST Hjeltnes er styrt slik at den pumper konstant mengde (ikkje forvekslast med konstant nivå). Dette for å utnytte buffer i pumpesump og utjevne tilførsel. PST kommunekai skal om nokre år utbetrast og det vil da bli lagt til rette for same type styring.

Tilbakeslagssikring mellom første og andre kammer i slamavskiljar slik at første kammer kan tømmast og nivå i andre og tredje kammer oppretthaldast.